



## **Trenaren i Hareid IL – barnefotballen**

Alle trenarar i barnefotballen skal kunne legge fram gyldig politiattest i høve krav frå NFF sitt regelverk. Sjå klubbens retningslinjer for politiattestar.

Hareid IL fotball har som mål at alle trenarar i barnefotballen skal ha gjennomført UEFA C-lisens. Trenarar på lag frå 10 år og oppover skal ha tilbod om kurs, delkurs 2 og 3 UEFA C-lisens. Trenaren har hovudansvaret for laget. Trenaren skal førebu og gjennomføre trening og kamp. Dette skal gjennomførast i høve retningslinjene gitt i sportsplan og skuleringsplan. Trenarane skal setje seg godt inn i sportsplanen og følgje denne. Klubben forventar at ein deltek på trenarforum og samlingar i regi av klubb og krets. Trenar skal sørge føre at treningane blir gjennomført på ein variert og god måte. Treningane skal også tilpassast prinsippet om jevnbyrdigheit. Det bør førast logg over spelaroppmøte for alle treningar. Lagets trenarar skal samarbeide på og mellom årskull. Dette gir gode moglegheiter for differensiering og har eit tilpassa trenings – og kamptilbod for alle spelarane.

Kampar skal gjennomførast etter Fair Play – prinsippet, slik ein representerer Hareid IL fotball på ein god måte. Alle trenarar i Hareid IL barnefotball skal ha eit bevist forhold til Fair Play og si eiga påverknadskraft ovanfor barna. Trenaren er ofte den viktigaste vaksenpersonen for barnet i fotballmiljøet. Hareid IL fotball ber difor alle trenarar gjere seg kjende med Fair Play reglane.

## **Trenaren i Hareid IL – ungdomsfotballen**

Alle trenarar i ungdomsfotballen skal kunne legge fram gyldig politiattest i høve krav frå NFF sitt regelverk. Sjå klubbens retningslinjer for politiattestar.

Hovudtrenar på 13-14 års lag bør ha gjennomført UEFA C- lisens trenarkurs. Hovudtrenar på 16-19 års lag bør ha gjennomført UEFA C-lisens trenarkurs.

Vidare er det ønskjeleg at trenarar i ungdomskulla gjennomfører trenarkurs i lokal regi eller ved SFK.

Hareid IL fotball dekkjer kostnadane for kompetansehevande kurs. Søknadar blir behandla i styret. Trenaren har hovudansvaret for laget. Trenaren skal førebu og gjennomføre trening og

kamp. Dette skal gjennomførast i høve retningslinjene gitt i sportsplan og skuleringsplan. Trenarane skal setje seg godt inn i sportsplanen og følgje denne. Klubben forventar at ein deltek på trenarforum og samlingar i regi av klubb og krets. Trenar skal sørge føre at treningane blir gjennomført på ein variert og god måte. Treningane skal også tilpassast prinsippet om jevnbyrdigheit. Det bør først logg over spelaroppmøte for alle treningar. Lagets trenarar skal samarbeide på og mellom årskull. Dette gir gode moglegheiter for differensiering og har eit tilpassa trenings – og kamptilbod for alle spelarane. Kampar skal gjennomførast etter Fair Play prinsippa slik ein representerer Hareid IL fotball på ein god måte. Alle trenarar i Hareid IL ungdomsfotball skal ha eit bevisst forhold til Fair Play og si eiga påverknadskraft ovanfor ungdommen. Trenaren er ofte ein viktig vaksenperson og førebilde for ungdommen i fotballmiljøet. Hareid IL fotball ber derfor alle trenarar om å gjere seg kjende med Fair Play reglane.